



# FELLESMØTE

## Eldreråda i Jondal, Odda og Ullensvang

### Møteprotokoll

**Møtedato:** 23.04.2018

**Møtetid:** kl. 11.30 – 15.30

**Møtestad:** Kinsarvik, heradshuset

<b>Frammøte medlem/varamedlem:</b>	<b>Kommune/herad:</b>
Einar Samland, leiar	Jondal eldreråd
Agnes Hauge, nestleiar	Jondal eldreråd
Asgjerd Skipparvik	Jondal eldreråd
Nils Mæland	Jondal eldreråd
Ola Torbjørn Sekse, leiar	Odda eldreråd
Leif Åge Hernes	Odda eldreråd
Berit Stegane	Odda eldreråd
Terje Blaker	Odda eldreråd
Kåre Ystanes, leiar	Ullensvang eldreråd
Sjur K. Jaastad, nestleiar	Ullensvang eldreråd
Jan Inge Næss	Ullensvang eldreråd

#### **Frå administrasjonane**

Torbjørn Reisæter, kommunalsjef helse og omsorg Ullensvang herad  
Harald Jordal, kommunesekretær Odda kommune

#### **Merknader:**

Neste fellesmøte i eldreråda vert 28. mai i Odda

# Protokoll

**11.30** Heradsstyresalen - Presentasjon av deltakarane i eldreråda og program for dagen

**12.00** Lunsj på Gløyp

**12.45** Omvisning i omsorgsbustader og på Bråvolltunet.  
Presentasjon av planar for Ullensvang herad

Kommunalsjef for helse og omsorg Torbjørn Reisæter presenterte planar for morgondagens helse- og omsorgstenester; der modernisering og ombygging av eldre sjukeheimar på Utne og Kinsarvik til moderne omsorgsbustader og sjukeheimar står sentralt. I Kinsarvik skal nytt legekontor og lokale for andre helsetenester samlokalisert saman med Bråvolltunet i nytt helse- og omsorgssenter. I samband med dette vart det også vist bilder frå tur til Luranetunet med 115 omsorgsbustader og 60 institusjonsplassar i Os kommune. Prosjektgruppa saman med eldrerådet og representantar frå heradsstyret var på studietur til Luranetunet og Velferdsteknologisenter som ein del av planleggingsarbeidet.

Det vart også ein kort orientering om at Fylkesmannen har gjeve tilskot på kr 800 000 til prosjektet *“Lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidssretta og gode omsorgstenester. «Brukarmedverknad gjev god omsorgstenesta i Ullensvang kommune» “*

**14.00** Orientering om arbeida i dei tre eldråda - 10 min presentasjon frå kvart råd  
Leiarane i eldreråda presenterte råda i dei ulike kommunane og kva for prosjekt dei er og har vore involvert i.

**14.30** Eldrerådet i nye Ullensvang kommune

- Innspel og gruppearbeid
- Kva er viktig for eldrerådet i den nye kommunen og det vidare arbeidet fram til ny kommune.

Eldreråda i dei tre kommunane meldte alle at dei har hatt gode prosessar mellom politikarar og eldrelag/bygdalag/pensjonistlag i samband med val av deltakarar til eldreråda, og dei rekner med at dette vert vidareført til liks med god geografisk spreing av rådsmedlemer. Temaet vil koma på dagsorden på neste felles eldrerådsmøte i Odda 28.mai.

Det kom innspel om drøfting av kultursektoren si organisering og oppgaver i den nye kommunen. Temaet bør setjast på dagsorden til neste møte og at det eventuelt vert utdjupa i eit notat.

**15.20** Avklaring neste møte og vidare arbeid

Felles eldrerådsmøte i Odda 28. mai, innkalling og agenda vert sendt ut.

**15.30** Møteslutt